



## SAKSFRAMLEGG

### Konsesjonssøknad vindturbin Sløvåg. Uttale frå Gulen kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
20/2024	Kommunestyret (KS)	12.04.2024

#### Bakgrunn for saka

I mars 2023 fatta kommunestyret vedtak, der dei samtykka til at det vart sendt konsesjonsmelding til NVE for ein vindturbin med høgde 285 m i Sløvåg (seinare justert til 275 m). Det vart i prinsippvedtaket då opna opp for oppstart av ein prosess med konsekvensutgreiing.

I og med at det etter første kommunestyrebehandling har vore val og skifte i politisk mannskap, vil vi for ordens skuld sitere vedtaket:

#### **Vedtak i Kommunestyret KOM sak 016/23**

Gulen kommune stiller seg positiv til å sette i gang ein prosess med sakshandsaming av tiltaket etter plan- og bygningslov samt andre relevante reguleringer. På prinsipielt grunnlag gjev kommunen sitt samtykke til å sende konsesjonsmelding. Samtykket er med atterhald om at kommunen på eit kvart tidspunkt, fram til konsesjonshandsaminga er ferdig handsama, kan endre standpunkt. Det blir lagt til grunn at NVE koordinerer handsaminga med kommunen si sakshandsaming etter plan- og bygningslova m.v

Bakgrunn for søknad er General Electric sitt ønske om å utvikle kraftigare vindturbinar for bruk til havs. Den nye prototypen må testast på land, for sertifisering og for å kunne dokumentere verkningsgrad før den vert sett i produksjon for sal. Wergeland Gruppa AS ønskjer å få denne testturbinen til Sløvåg, for å kunne styrke satsinga på havvind og sikre god tilgang til straum i området.

Planprogrammet for utgreiinga har vore gjenstand for folkemøte, i tillegg har administrasjonen delteke i dialogmøte og sendt skriftlege innspel til kva som skulle greiast ut, jfr. vedtak i kommunestyret av juni 2023 (K.sak 46/23).

Konsekvensutgreiinga er utarbeidd av Multiconsult etter oppdrag frå GE/Georgine Wind, og sendt til NVE saman med søknad om konsesjon til bygging av vindturbin med ei totalhøgde på 275 m, og varigheit på 30 år. Utgreiinga har vore på høyring, og gjennomgått i nytt

folkemøte om saka. Norges Vassdrags og Energidirektorat (NVE) sendte 18.01.2024 ut framlegget til konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing. Det gjekk fram at søknaden er frå Georgine Wind AS, og at den gjeld testing og påfølgjande drift av ein turbin i Sløvåg. Høyringsfrist var sett til 1. mars. Gulen kommune fekk utsett høyringsfrist til 15.april. Målet var å kunne ta med inn i vurderinga dei høyringsinnspela som vart sendt på saka. Høyringa er òg kunngjort på Gulen kommune si nettside.

Kommunestyret skal gje uttale til søknaden ut i frå den konsekvensutgreiinga som ligg føre. For fullstendig søknad med konsekvensvurderingar viser vi til følgande [Konsesjonssak - NVE](#)

Kommunen skal i eige løp behandle saka etter plan og bygningslova. I denne høyringssaka er det lagt opp til at kommunestyret gjev føringar for denne handsaminga. Vindturbinen er søkt etablert innanfor reguleringsplan Gulen Industrihamn (2013003) som vart vedteke 18.10.2018. Denne planen opnar opp for å etablere kraner og vindmøller som har ei høgd opp til 150 meter. I planen er det krav om KU (konsekvensutgreiing) og ROS (risiko og sårbarheitsanalyse).

Kommunen har frå NVE fått oversendt 109 høyringsinnspel til gjennomgang. I tillegg har kommunen tidlegare motteke innspel og også underskriftskampanje der dei som er motstandar av vindturbinen har uttrykt sitt standpunkt.

For fullstendig oversikt over høyringsinnspel vert det vist til kommunen si nettside:

[Høyringsinnspel vindturbin NVE](#)

[Andre uttalar i saka](#)

Høyringsinnspela kan grovt sett kategoriserast slik:

1. Naboar i Halsvik og nærområdet
2. Andre innbyggjarar og fritidsbebuarar
3. Offentlege instansar
4. Bransje og næringsinteresser
5. Folk som er prinsipielle motstandarar av vindkraft
6. Interesseorganisasjonar innan vindkraft

Sjølv om administrasjonen i liten grad går inn og kommenterer dei ulike innspela har vi lest alle og vurdert desse i samband med fordel- og ulempevurderingane.

### Saksvurdering

Saka er kompleks og administrasjonen har valgt å sette saman ulik fagkompetanse for å få ei komplett avveging av ulemper og fordeler. Sakshandsamarar har vore leiar PLT Kjell Anders Reigstad, kommunalsjef samfunn Irene Søreide, plankonsulent Even Akerø, kommuneoverlege Anita Pettersen og kommunedirektør Reidun K. Halland.

I saka vert generalistkommuneprinsippet satt på spissen. Fleire omsyn skal ivaretakast. I tillegg til at kommunen har eit nasjonalt og lokalt ansvar for å bidra til samfunnsutvikling og

delta i det grønne skiftet, skal kommunen opptre som forureiningsmyndigheit, folkehelsemyndigheit og planmyndigheit.

[Kommuneplanen sin samfunnsdel](#) har eit satsingsområde som set fokus på at det er godt å bu i kommunen, samstundes som kommunen skal vere ein god vertskommune for næringsaktiviteten. Kommunen bør i sine avgjersler ta omsyn til at vi i framtida også har varierte arbeidsplassar å tilby innbyggjarane, og at vi deltek i den samfunnsomstillinga klima- og miljøtilhøva føreset. I denne saka er det målkonfliktar i dei avvegningane som skal gjerast.

I 2019 gav kommunen uttale i samband med høyringssak om innføring av Nasjonal ramme for vindkraft på land. I denne uttalen vart vindkraft omtalt slik: «Kommunen si haldning dei siste 10 åra har vore at utbygging av vindkraftanlegg som ligg i område med stort konfliktpotensiale ikkje kan akseptast. Samlokalisering med industriutbygging, og liknande, skal telje positivt ved vurdering av vindkraftprosjekt. Vidare er det lagt til grunn at lokalisering av vindkraftanlegg bør skje på ein måte som minimaliserer behov for ny infrastruktur utanfor anlegga (kraftleidningar, veg, transformatorstasjonar, mv.). Kommunen er ikkje prinsipielt imot utbygging av vindkraft på land, men meiner at der kommune/grunneigarar er imot eit prosjekt så må det vere avgjerande i ei sak.» Uttalen må lesast i lys av at det på denne tida var pågåande klagesak knytt til søknad om utbygging av Dalsbotnfjellet.

Kommunen sin samfunnsplan frå 2023 tek standpunkt til at det ikkje skal etablerast vindturbinar i fjella våre. Det er ikkje i sjølve samfunnsplanen teke standpunkt til korleis ein vurderer vindturbinar i eit etablert industriområde, men i den gjeldande plan har politisk nivå regulert for vindturbinar. Dette står i forhold til at ein av strategiane kommunen har uttrykt kring arealforvaltning er at arealkrevjande næringsutvikling i hovudsak skal skje «i tilknytning til eksisterande nærings- og industriområde».

### Gjeldande lovreglar for vindkraftsaker

Energilova og plan- og bygningslova har med verknad frå 01.07.2023 blitt endra. I pressemelding frå regjeringa 28.04.2023 går det fram at framlegget til endringar i energilova og plan- og bygningslova er å styrke den kommunale råderetten ved etablering av vindkraft på land. Endringa inneber at:

NVE ikkje kan gje konsesjon til vindkraftanlegg på land før kommunen har avklart tiltaket etter plan- og bygningslova (m.a.o. fatta eit planvedtak, primært i form av ei områderegulering).

Det vert sett krav til at vindturbinar ikkje skal få konsesjon etter ein statleg reguleringsplan eller med særreglar for dispensasjon, slik som var tilfelle før lovendringa.

I framlegget til lovendringa går det fram at «Konsesjonsbehandlinga av vindkraft skal haldast oppe som ei heilskapleg samfunnsøkonomisk avveging av alle fordelar og ulemper ved prosjektet. Det nye regelverket vil bli utforma slik at det ikkje fører til unødvendig dobbeltbehandling», [Informasjon frå Regjeringa av 13. januar 2023](#)

### Problemstilling og drøfting av saka vidare

Det spørsmålet som kommunestyret konkret skal ta standpunkt til er om dei samtykker til at NVE innvilgar konsesjonssøknaden evt. sette vilkår for eit samtykke. Eit konsesjonsvedtak føreset at kommunestyret legg til rette for at arealet er lovleg regulert til dette føremålet.

Den faglege utgreiinga vidare er utarbeidd i eige notat som er bygd opp temabasert. Sjå vedlegg 1 - Nærare faglege vurderingar (21 sider). I notatet vert det for dei ulike kapitla henvist til sider i konsekvensutgreiinga (KU) og helsekonsekvensutgreiinga (HKU).

I notatet vert dei aktuelle konsekvensane vurdert ut i frå gjeldande regelverk og eventuell moglegheit til å kompensere for uheldige verknadar. Under følger ei samla vurdering med konklusjonar i forhold til kva tilråding administrasjonen vil gje til kommunestyret.

Kommunedirektøren vil på det sterkaste tilrå at notat med faglege vurderingar vert lest for å få tilstrekkeleg innsikt i kva som ligg til grunn for samla vurdering og konklusjon.

Heile saksutgreiinga inkl. vedlegg 1 inngår i uttalen frå kommunen, slik at NVE med sin spesialistkompetanse får ei god skildring av kva føresetnader som ligg til grunn for konklusjonane. Dei tema som er tilstrekkeleg ivareteke i uttalen frå særmynda, og/eller ikkje er svært tvilsame, vil ikkje verte drøfta nærare.

### Samla vurdering

Det er slått fast at dersom NVE skal kunne gje konsesjon er det føresett at kommunen gjev positiv uttale til konsesjonssøknaden og gjer vedtak om reguleringsendring etter plan- og bygningslova. I tillegg skal NVE før dei fattar vedtak gjere ei fullstendig vurdering av konsesjonssøknaden med konsekvensutgreiing og innkomne merknader og høyringssvar.

Kommunedirektøren ynskjer å gje uttrykk for at denne saka på ingen måte er enkel å vurdere. Her er interessekonfliktar og fleire omsyn må ivaretakast.

Administrasjonen si rolle er å gjere ei fagleg vurdering av dei ulike sidene av saka, vekte dei ulike forhold, og lande på ei tilråding som gjev kommunestyret eit godt grunnlag for avgjerd. Det er ikkje tvil om at tiltaket vil medføre positive effektar for samfunnet generelt og næringslivet i kommunen spesielt. Det må heller ikkje vere tvil om at tiltaket vil påverke menneska som vil bu og opphalde seg i nærleiken av turbinen. For mange vil dette vere ein negativ effekt av tiltaket.

Uansett korleis vi landar dette vil resultatet verte eit samfunnsmessig kompromiss.

På den eine sida må vi sjå på utvikling av næring og behovet for ny energi.

Gulen kommune har konsentrert industriell næringssetjing til område Skipavika og Sløvåg. Denne næringa er del av ei regional satsing som og famnar om industrietableringar på Mongstad. Utvikling av næring vil medføre auka sysselsetting og videreutvikle dei etablerte industriklyngene. Dette er viktig for Gulen kommune.

Utvikling av havvindteknologi er del av det «grøne skiftet» som er ei nasjonal satsing for å møte globale utfordringar med energiproduksjon og klimagassutslepp. Administrasjonen si vurdering er at det er bra om Gulen kommune kan ha ei rolle i dette.

Georgine Wind AS er oppretta for å byggja testvindturbin for General Electric. Etter ein testfase er det meininga at vindturbinen skal overtakast av grunneigar, som så kan nytte energien for omstilling til lågutsleppsdrift av industriområdet. Det er bra for det lokale «grøne skiftet».

Sjølv om vindturbinen ikkje gjev mange arbeidsplassar i driftsfasen, har administrasjonen tru på at den vil kunne bidra til å styrke lokal kompetanseutvikling og framtidig satsing på havvind.

På den andre sida er det 6 bustader og 11 fritidsbustader i Halsvika som vil kunne få ei økt belastning ved at dei ligg nære næringsområdet kor vindturbinen er planlagt plassert. Kalkyler tilseier at dei likevel ikkje vert utsett for støy som overstig dei nasjonale grenseverdiane som er fastsett.

Industriområdet som arbeidsplass vil verte påverka med støy og skyggekast. Kalkulert til å ligge innanfor dei grenseverdier som er fastsett nasjonalt. I tillegg er det plassert eit arbeidshotell på Vidsyn næringsbygg, her vil støynivået kunne medføre behov for tiltak.

Vidare utvikling av næringsområda i Skipavika og Sløvåg vil og kunne gje andre industrisatsingar som vil medføre ulemper for naboar. Administrasjonen meiner likevel det er rett å fortsette satsinga på desse næringsområda. Ei avgjerd om ny etablering som fører med seg ulemper t.d. i form av støy og eksplosjonsfare vil på ein negativ måte kunne påvirke den vidare samfunnsutviklinga av nærområda rundt industriområda. Det er ein kostnad som kommune og lokalsamfunnet særskilt må vere innstilt på å bære.

Samla sett ligg ulempene innanfor dei nasjonale retningslinjene, og då skal i utgangspunktet tilhøva ligge til rette for at etablering kan skje.

Eit sentralt spørsmålet i denne samanheng er om fagetaten i denne saka bør tilrå at det vert sett strengare krav til bedriftsetableringar i Gulen kommune enn det som er lagt opp til i nasjonale retningsliner? Her har vi valgt å lande på ja. I og med at denne vindturbinen er første i sitt slag, er det lite erfaringstal frå faktiske målingar. Det er i tillegg lite signifikante forskningsrapportar knytt til vindturbinar sin verknad på folkehelsa. Gjennom det meste av den offentlege litteraturen frå myndigheiter og konsekvensutgreiinga elles i denne saka kjem det fram at kunnskapsgrunnlaget i høve konsekvensar for folkehelse er mangelfull. At eit konsulentselskap i 2024 lyt nytte eigenutvikla usertifisert metode for å vurdere dei samla konsekvensane ved ulempene frå vindturbinar tilseier at nasjonen Norge ligg på etterskot, helsefagleg sett, når vindkraft skal vere eit satsingsområde i høve fornybar energi. Dette skapar usikkerheit og bekymringar for dei som vert berørt. For å kompensere for usikkerheita meiner administrasjonen det er grunnlag for å tilrå at det vert sett inn eit ekstra vilkår for å sikre folkehelse, særleg relatert til støypåverknad.

Med å sette eit vilkår for konsesjon med 37 dB  $L_{pAeq8h}$  som maksimalgrense på natt, vil vi kunne sikre at vi ivaretek nattesøvnen for bebuarar i området. Kravet kan heimlast i det ansvaret Gulen kommune har etter lov om folkehelsearbeid. Ved å skjerme nattesøvn beskytter kommunen innbyggjarane mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helse.

Så vil mange spørje seg, kan vi likevel vere sikker på at dette er godt nok? NVE som faginstans vil sikre at dersom berekningane i konsekvensutgreiinga ikkje stemmer med dei faktiske tilhøva når turbinen går i drift, vil det verte sett inn barrierar som sikrar at drifta vert halde innafor dei verdiane konsekvensutgreiinga gjev. NVE skal, med heimel i energilova kapittel 10, følge opp, sikre og korrigere vilkår.

Vert det sett krav som skissert over er det kommunedirektøren si samla vurdering at fordeler ved etablering av den omsøkte vindturbinen er større enn dei ulemper tiltaket medfører.

Om kommunen utover dette ynskjer å sette andre vilkår, strengare krav, eller om kommunen av prinsipielle årsaker vel å sei nei til den aktuelle etableringa må denne vurderinga slik administrasjonen ser det, ligge til politisk nivå.

Kommuneoverlegen vil tilrå at Gulen kommune tek initiativ til å gjennomføre ei helsekartlegging for å kunne vurdere påverknadane for eigen befolkning som vert berørt. Vi vil i den samanheng oppmode relevante statlege fagmyndigheiter å starte ei eigen nasjonal kartlegging og prosjekt for å finne gode metodar for å vurdere helsekonsekvensane i samband med vindkraftutbyggingar.

Dersom det vert positivt vedtak i kommunestyret bør det setjast ned eit samråd for Sløvåg og Halsvikområdet. I eit slik råd må i første omgang både industrien, bebuarar og kommunen vere representert. Dialogen i området har vore mangelfull over år, og dette verkar truleg allereie negativt inn på prosjektet. Viktigheita av medverknad, openheit og dialog er skreive om i all litteratur som er gjennomgått i denne saka. Dersom no vindturbinen skal etablerast vil behovet for informasjon vere stort og dialog mellom dei involverte vere viktig for at dette skal kunne verte eit vellukka prosjekt.

### Kommunedirektøren si innstilling til vedtak

1. Gulen kommunestyre tilrår at Georgine Wind AS i medhald av energilova § 3-1 får konsesjon for å bygge, eige, teste og deretter drive ein vindturbin i Sløvåg i Gulen kommune.
2. Gulen kommunestyre krev at NVE set følgjande vilkår for konsesjon:
  - a. For å ivareta folkehelsa for dei som bur i området må det settast eit absolutt vilkår i konsesjon at 37 dB  $L_{pAeq8h}$  er maksimalgrense på natt
  - b. Støy i drift skal mållast av sertifisert føretak ved minst 2 bustader i Halsvika. Det skal gjerast avbøtande tiltak om støyverdiane overstig dei verdiane som

er sett i regelverket og vist i KU, samt grensa på natt i punktet over.

3. Gulen kommunestyre ber om at NVE set følgjande vilkår for konsesjon:
  - a. Det må nyttast tilfredsstillande teknisk innretning for å sikre avbøtande tiltak for å førebygge skadar på fugl og flaggermus.
  - b. Sikring av andre avbøtande tiltak som går fram av KU
  - c. Dei rekkjefølgjekrav som gjeld for tiltak innanfor reguleringsplanane skal vera oppfylt på dei vilkår som gjeld for andre tiltak innanfor planane.
  
4. Utover dette ber vi NVE ivareta kommunen sine innspel knytt til punkta i rapporten frå Norconsult, her under utgangsløyd, design, rentonar, fungerande og testa støyreducerande driftstilstander, vidare innspel i høve beredskap.
  
5. Administrasjonen får fullmakt til å justere ordlyd og avklare mindre ikkje-prinsipielle spørsmål i dialog med NVE.
  
6. Administrasjonen får fullmakt til å godkjenne mindre reguleringsendringar som berre gjeld for ein vindturbin i samsvar med konsesjonssøknad. Høgde på kranar på inntil 150 meter skal framleis gjelda.
  
7. Kommunestyret gjev følgjande føringar for reguleringsendringar av: Detaljregulering Råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn, g/bnr 63/35,36. Detaljregulering Gulen industrihamn, Gbnr. 63/15.
  - a. Planendringa skal ha med rekkjefølgjekrav til avbøtande tiltak som går fram av konsekvensutgreiinga.
  - b. Det vert tillat å etablere vindturbinar som har ei høgde opp til 150 meter over gjennomsnittleg planert terreng, eller ein enkelt vindturbin som er høgare, om kommunen gjev positiv uttale til konsesjonssøknad.
  - c. Det skal utarbeidast ROS-analyse for reguleringsendringane i samsvar med føresegn 1.3.9 (Før det vert gjeve løyve til etablering av nye tiltak skal det lagast ROS-analyse som skal gjere greie for eksisterande risiko og sårbarheit, og eventuelle endringar som utbygginga kan gjere i samla risiko og sårbarheit.)
  - d. Føresegn 1.3.5 ( Før det vert gjeve løyve for utbygging av tiltak i næringsformåla BN1, BN5 og BN6 skal felte fyllast på og jamnast ut til minimum kote +3,25.) Kan avgrensast til naudsynt areal for opparbeiding av vindturbin, men skal framleis gjelda for alle andre tiltak.
  - e. Det skal setjast krav om at innandørs støynivå i hotellrom og i opphaldsrom på hotellet eller anleggsbrakker på Lp,A,24h  $\leq$  35 dB. Andre arbeidsplassar skal tilfredsstille arbeidstilsynets krav.

Handsaming i Kommunestyret (KS) - 12.04.2024 av sak 20/2024 Konesjonssøknad vindturbin Sløvåg. Uttale frå Gulen kommune:

**Habilitetsvurdering:**

Irene Perly Kjelby Wergeland (H) ba kommunestyret om å ta ein habilitetsvurdering ved behandling av saken, med følgande grunngjeving: "På grunn av tilknytning til saka, og nærstående påverknad melder eg meg inhabil i denne saka. Dersom møtet er ope for publikum, ber eg om at også får anledning til å delta som publikum".

**Habilitetsvurdering:**

Irene Perly Kjelby Wergeland (H) var inhabil jf forvaltningslova §6 e) pkt 2.

Irene Perly Kjelby Wergeland gjekk ifrå, og vara Kjetil Hantveit tok plass.

**Orientering**

Før politisk handsaming fekk kommunestyret ei orientering om saka frå administrasjonen ved kommunedirektør Reidun Halland, kommunalsjef Samfunn Irene Søreide og einingsleiar plan, landbruk og teknisk (PLT) Kjell Reigstad. Plankonsulent Even Akerø og kommuneoverlege Anita Pettersen var tilstades for ev. spørsmål i etterkant av orienteringa. Presentasjonen er arkivert i kommunen sitt sak-/arkivsystem.

Gruppemøte før røysting.

Det vart røysta alternativt mellom kommunedirektøren si innstilling til vedtak og forslag frå Lars Atle Larsen (SP)

*A/B votering*

**1)**

**Innstilling:**

**Kommunedirektøren si innstilling til vedtak**

1. Gulen kommunestyre tilrår at Georgine Wind AS i medhald av energilova § 3-1 får konsesjon for å bygge, eige, teste og deretter drive ein vindturbin i Sløvåg i Gulen kommune.
2. Gulen kommunestyre krev at NVE set følgjande vilkår for konsesjon:
  - A. For å ivareta folkehelsa for dei som bur i området må det settast eit absolutt vilkår i konsesjon at 37 dB LpAeq8h er maksimalgrense på natt
  - B. Støy i drift skal målast av sertifisert føretak ved minst 2 bustader i Halsvika. Det skal gjerast avbøtande tiltak om støyverdiane overstig dei verdiane som er sett i regelverket og vist i KU, samt grensa på natt i punktet over.
3. Gulen kommunestyre ber om at NVE set følgjande vilkår for konsesjon:
  - A. Det må nyttast tilfredsstillande teknisk innretning for å sikre avbøtande tiltak for å



førebygge skadar på fugl og flaggermus.

B. Sikring av andre avbøtande tiltak som går fram av KU

C. Dei rekkjefølgjekrav som gjeld for tiltak innanfor reguleringsplanane skal vera oppfylt på dei vilkår som gjeld for andre tiltak innanfor planane.

4. Utover dette ber vi NVE ivareta kommunen sine innspel knytt til punkta i rapporten frå Norconsult, her under utgangsløyd, design, rentonar, fungerande og testa støyreducerande driftstilstander, vidare innspel i høve beredskap.
5. Administrasjonen får fullmakt til å justere ordlyd og avklare mindre ikkje-prinsipielle spørsmål i dialog med NVE.
6. Administrasjonen får fullmakt til å godkjenne mindre reguleringsendingar som berre gjeld for ein vindturbin i samsvar med konsesjonssøknad. Høgde på kranar på inntil 150 meter skal framleis gjelda.
7. Kommunestyret gjev følgjande føringar for reguleringsendingar av: Detaljregulering Råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn, g/bnr 63/35,36. Detaljregulering Gulen industrihamn, Gbnr. 63/15.
  - A. Planendinga skal ha med rekkjefølgjekrav til avbøtande tiltak som går fram av konsekvensutgreiinga.
  - B. Det vert tillat å etablere vindturbinar som har ei høgde opp til 150 meter over gjennomsnittleg planert terreng, eller ein enkelt vindturbin som er høgare, om kommunen gjev positiv uttale til konsesjonssøknad.
  - C. Det skal utarbeidast ROS-analyse for reguleringsendingane i samsvar med føresegn 1.3.9 (Før det vert gjeve løyve til etablering av nye tiltak skal det lagast ROS-analyse som skal gjere greie for eksisterande risiko og sårbarheit, og eventuelle endingar som utbygginga kan gjere i samla risiko og sårbarheit.)
  - D. Føresegn 1.3.5 ( Før det vert gjeve løyve for utbygging av tiltak i næringsformåla BN1, BN5 og BN6 skal felte fyllast på og jamnast ut til minimum kote +3,25.) Kan avgrensast til naudsynt areal for opparbeiding av vindturbin, men skal framleis gjelda for alle andre tiltak.
  - E. Det skal setjast krav om at innandørs støynivå i hotellrom og i opphaldsrom på hotellet eller anleggsbrakker på  $L_{p,A,24h} \leq 35$  dB. Andre arbeidsplassar skal tilfredsstillast arbeidstilsynets krav.

Dette ble satt opp mot:

2)

**Lars Atle Larsen (Senterpartiet) Forslag:**

Gulen kommunestyre vurderer ulempene med tiltaket som så tyngjande at ein ikkje finn å kunne samtykke til at Georgine Wind AS i medhald av energilova § 3-1 får konsesjon for å bygge, eige, teste og deretter drive ein vindturbin i Sløvåg i Gulen kommune.

For forslag 1 stemte 12: Arve Neset Nerdal (AP), Margrethe Thune Trædal (AP), May-Lynn Osland (AP), Bjørn Brekke (H), Frode Kversøy (H), Kjetil Hantveit (H), Kristin Kvamme Rasch (H), Severin Rokne (H), Stein-Inge Larsen (H), Øyvind Bøe (H), Oliver Haveland (SP), Rolf-Daniel Midtun (SP)

For forslag 2 stemte 9: Bjarte Undertun (AP), Bente Hauge (KrF), Ingolf Wergeland (KrF), Beate Haugland (SP), Helge Pedersen (SP), Lars Atle Larsen (SP), Linda Oppedal (SP), Nils Inge Ynnesdal (SP), Andrine Sleire Tistel (V)

Med dette er forslag 1 vedteke, kommunedirektøren si innstilling til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret (KS) - 12.04.2024 av sak 20/2024 Konsesjonssøknad vindturbin Sløvåg. Uttale frå Gulen kommune:

1. Gulen kommunestyre tilrår at Georgine Wind AS i medhald av energilova § 3-1 får konsesjon for å bygge, eige, teste og deretter drive ein vindturbin i Sløvåg i Gulen kommune.
2. Gulen kommunestyre krev at NVE set følgjande vilkår for konsesjon:
  - A. For å ivareta folkehelsa for dei som bur i området må det settast eit absolutt vilkår i konsesjon at 37 dB LpAeq8h er maksimalgrense på natt
  - B. Støy i drift skal målast av sertifisert føretak ved minst 2 bustader i Halsvika. Det skal gjerast avbøtande tiltak om støyverdiane overstig dei verdiane som er sett i regelverket og vist i KU, samt grensa på natt i punktet over.
3. Gulen kommunestyre ber om at NVE set følgjande vilkår for konsesjon:
  - A. Det må nyttast tilfredsstillande teknisk innretning for å sikre avbøtande tiltak for å førebygge skadar på fugl og flaggermus.
  - B. Sikring av andre avbøtande tiltak som går fram av KU
  - C. Dei rekkjefølgjekrav som gjeld for tiltak innanfor reguleringsplanane skal vera

oppfylt på dei vilkår som gjeld for andre tiltak innanfor planane.

4. Utover dette ber vi NVE ivareta kommunen sine innspel knytt til punkta i rapporten frå Norconsult, her under utgangsløyd, design, rentonar, fungerande og testa støyreducerande driftstilstander, vidare innspel i høve beredskap.
5. Administrasjonen får fullmakt til å justere ordlyd og avklare mindre ikkje-prinsipielle spørsmål i dialog med NVE.
6. Administrasjonen får fullmakt til å godkjenne mindre reguleringsendringar som berre gjeld for ein vindturbin i samsvar med konsesjonssøknad. Høgde på kranar på inntil 150 meter skal framleis gjelda.
7. Kommunestyret gjev følgjande føringar for reguleringsendringar av: Detaljregulering Råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn, g/bnr 63/35,36. Detaljregulering Gulen industrihamn, Gbnr. 63/15.
  - A. Planendringa skal ha med rekkjefølgjekrav til avbøtande tiltak som går fram av konsekvensutgreiinga.
  - B. Det vert tillat å etablere vindturbinar som har ei høgd opp til 150 meter over gjennomsnittleg planert terreng, eller ein enkelt vindturbin som er høgare, om kommunen gjev positiv uttale til konsesjonssøknad.
  - C. Det skal utarbeidast ROS-analyse for reguleringsendringane i samsvar med føresegn 1.3.9 (Før det vert gjeve løyve til etablering av nye tiltak skal det lagast ROS-analyse som skal gjere greie for eksisterande risiko og sårbarheit, og eventuelle endringar som utbygginga kan gjere i samla risiko og sårbarheit.)
  - D. Føresegn 1.3.5 ( Før det vert gjeve løyve for utbygging av tiltak i næringsformåla BN1, BN5 og BN6 skal felte fyllast på og jamnast ut til minimum kote +3,25.) Kan avgrensast til naudsynt areal for opparbeiding av vindturbin, men skal framleis gjelda for alle andre tiltak.
  - E. Det skal setjast krav om at innandørs støynivå i hotellrom og i opphaldsrom på hotellet eller anleggsbrakker på Lp,A,24h  $\leq$  35 dB. Andre arbeidsplassar skal tilfredsstillast arbeidstilsynets krav.

Vedlegg 1: Nærare faglege vurdringar

Vedlegg 2: Spørsmål frå Gulen kommune. Ytterlegare informasjon vindturbin Sløvåg

Vedlegg 3: Multiconsult – Svar på spørsmål del 1

Vedlegg 4: Multiconsult – Svar på spørsmål del 2

Vedlegg 5: Georgine Wind – tilsvar på høyringsuttalelser

Vedlegg 6: Norconsult – forenkla vurdering av støy og andre helsekonsekvenser av

havvindturbin